

Torsdag 17. april – på kveldstid – blir det ein sjeldan kulturbegivenhet i Uskedalen. Då kjem Hardangerjakta S/J Mathilde til Sandakaiaen med fylkesmusikarar frå Hordaland og Sogn og Fjordane.

Dei held konsert etter at det først har vore eit historisk innlegg om jakta og eit biletspel som heiter "Nordlandsfarten". Ved sida av konsertopplevinga er dette eit fint høve til å skaffa seg meir kunnskap om gamal kystkultur langs vestlandskysten, den fyrste riksvegen opp gjennom hundreåra.

Berre det å vera om bord på dette kulturhistoriske fartøyet er ei stor oppleving og opnar for historie- og kulturforståinga langs kysten vår. På denne måten fører ein kunnskapen vidare inn i framtida.

Mathilde var bygd i Ølve i 1884 og er restaurert til fordums prakt gjennom ein prosess som tok fem år og som var ferdig i 1989. Mathilde ber Olavsrosa, eit kvalitetsmerke for opplevingstilbod med høg kvalitet basert på den norske kulturarven.

Når det så gjeld sjølve konserten, som har overskrifta "Med havdur i øyro", er dette den tredje og siste sesongen på Vestlandet med dette turneprogrammet og denne gongen er det altså Sunnhordland som blir prioritert.

Musikarane er Eli Grytting (kveding), Einar Mjøltnes (hardingfele/gambe) og Sigbjørn Apeland (harmonium) og dei har folkemusikk som sitt spesialområde. Dei har tonar både frå Sunnhordland og Sogn og Fjordane på repertoaret.

I dette programmet får publikum møta dei mange musikalske uttrykka som kjenneteiknar kystkulturen, både fiskarviser og andre folketonar. Saman med song, hardingfele, gambe og harmonium vert denne kulturskatten kledd inn i vare og vakre arrangement.

Av Ola Matti Mathisen